



SEIM BYGG AS
NESBREKKA 28
5912 SEIM

Referanser:

Dykkar: 516bcd53-e4ed-4d0e-86d6-a049f920a5ee

Vår: 21/6431 - 21/51078

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:

21.07.2021

Dispensasjon fra byggegrense - ny bygning - gbnr 155/10 Monstad (Vollom)

Saka gjeldt søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg for einebustad etter frådeling av bustadtomt frå gbnr 155/10 datert 08.07.21.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Det er søkt om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg kv1154 i samband med frådeling av tomt for einebustad.

Vurdering/drøfting:

Det skal søkjast frådeling av tomt for oppføring av ny einebustad frå gbnr 155/10.

På situasjonskartet er einebustad vist plassering i bakkant av tomta og det er forklart at huset skal plasserast 10m frå kommunal veg. Det skal byggjast terrasse som stikk 2,5m ut frå yttervegg og kortaste avstand til veg vert 7,5m. Einebustaden skal leggjasst i terrenget 4-5m høgare enn den kommunale vegen.

Ut frå opplysningar gitt i søknaden vil ikkje plassering av einebustad vere til hinder for den kommunale vegen.

Kommunen ynskjer å gjere merksam på at det av omnsyn til drift og vedlikhald, ikkje må plasserast hekk, gjerde, mur eller liknande langs eigedomen nærmare enn 2m frå vegkant.

Samandrag/konklusjon:

Det kan bli gitt dispensasjon frå avstandskravet til kommunal veg.

Vedtak:

Med heimel i Veglova § 29 med tilhøyrande regelverk gjev Alver kommune ved Samferdsel, veg- vatn- og avløp- forvaltning, dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg for einebustad på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom utstikk for terrasse og midt kommunal veg skal være 7,5 meter, slik plassering på situasjonplan viser.
- Alver kommune fråseier seg alt ansvar for skader som oppstår på tiltak som vert plassert i byggegrense mot veg. Dersom det under drift og vedlikehald av kommunal veg skulle oppstå skader på tiltaket, er dette tiltakshavar sitt ansvar. Tiltakshavar må sjølv sørge for og påkoste utbetring av skader.

Vedtaket gir berre løyve til å plassere einebustaden innanfor byggegrense mot veg iht Veglova. Kommunen gjer merksam på at tiltaket kan være søknadspliktig etter plan og bygningslova. Dispensasjonsvedtaket forutsetter at andre godkjenninger ligg føre.

Det er med heimel i Veglova § 29 og § 30 at vegmynde skal setje krav til tiltak langs offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privat-rettslege avtaler ovanfor eventuelle grunneigarar.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Erling Rosnes

Lurevegen 576

5912

SEIM

Mottakarar:
SEIM BYGG AS

NESBREKKA 28 5912

SEIM